

Dato: 16.02.2017  
 Vår ref.: 2017/1404 - 4060/2017  
 Ark.kode: 016

## Møtereferat

<b>Møte nr. 3 i:</b> <b>Førebuande fellesnemnd (FF)</b>	<b>Dato:</b> 20.02.2017	<b>Tid:</b> Kl. 09.00 – 12.00
<b>Møteleiar:</b> Ordførar i Fjell kommune, Marianne Sandahl Bjørøy (AP).	<b>Stad:</b> Øygarden rådhus	
<b>Medlemer som møtte:</b> <u>Fjell kommune:</u> Egil Haaland (AP), Hilde Lohmann Sandal (AP), Tom Georg Indrevik (H), Ernst M. Einarsen (H), Anita Garlid Johannesen (FrP), Svein Bergh (SL), Odd Bjarne Skogestad (KrF).  <u>Øygarden kommune:</u> Børge Haugetun (TVØ), Silvia Haugland (TVØ), Espen Harketstad (AP), Ingrid Toft (H).  <u>Sund kommune:</u> Kari-Anne Landro (H), Nils Kåre Skoge (H), Jogeir Sognæs (AP), vara Jørgen Kausland (H), vara Ørjan Telle (AP).  <b>Tillitsvalte med observatørstatus, tale- og forslagsrett:</b> Trude Erstad Villanger (HVO Fjell), Hildegunn Høyland (Fagforbundet), Vibecke Hodnekvam (Utdanningsforbundet).	<b>Forfall:</b>     <u>Sund kommune:</u> May Elin Limevåg (FrP), Kjell Arve Vorland (SP).	
<b>Andre:</b> Koordinator for førebuaende fellesnemnd Lillian Torsvik, rådmann Steinar Nesse i Fjell, rådmann Siri Fahlvik Pettersen i Øygarden.		
<b>Referent:</b> Unni Rygg		

Saksnr	Sakstittel
1/17	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b> Innkalling og sakliste vart godkjente utan merknader.
2/17	<b>Godkjenning av referat frå førre møte 08.12.2016</b> Referat frå førre møte, 08.12.2016, vart godkjent utan merknader.
3/17	<b>Presentasjon av gjennomført IKT-kartlegging v/IKT-sjef Kjell Fyllingen</b> Varamedlem Jørgen Kausland, som også er IKT-leiar i Sund kommune, valte å gå frå

	<p>møtebordet ved presentasjonen av IKT-rapporten då han sjølv hadde vore med på å utforme dokumentet.</p> <p>IKT-sjef i Fjell kommune, Kjell Fyllingen, presenterte rapporten «IKT-kartlegging Fjell, Sund og Øygarden» som skal vise kva IKT-system som vert nytta i kvar av dei tre kommunane. Rapporten har kartlagt organiseringa, infrastrukturen og programvara i kommunane og viser områder der Fjell, Sund og Øygarden har sams løysingar og kvar dei har ulike system og modular i bruk. Fyllingen viser til at ei digital samanslåing av verksemdene vil vere krevjande. Fyllingen viste til ein modell med ulike strategival. For å oppnå målet i intensjonsavtalen om eit regionalt og nasjonalt fyrtårn, med høg grad av digitalisering, anbefaler Fyllingen at ein vel strategien «Big bang» – med store og direkte endringar og nye krav til kompetanse og ressursar. <i>Etter presentasjonen stilte Ernst M. Einarsen spørsmål ved kostnadane med å velje «Big bang»-modellen, og etterspurde kor stort budsjett som må setjast av til IKT- og digitaliserings-arbeidet. Fyllingen viste til at han ikkje har oversyn over kostnader med digitaliseringa no, men at slike tal truleg vil kunne presenterast nærare sommaren. Møteleiar Marianne Sandahl Bjorøy avrunda med at IKT bør halde fram med arbeidet som vist til i rapporten og oppmoda om å kome tilbake med ei kostnadsramme på arbeidet.</i></p>
<p><b>4/17</b></p>	<p><b>Status tilsetjing av prosjektleiar v/Børge Haugetun</b></p> <p>Saka «Utvida mandat til Førebuande fellesnemnd om tilsetjing av prosjektleiar for etablering av den nye kommunen» var til handsaming i Fjell kommunestyre 26.01.17, Sund kommunestyre 14.02.17 og Øygarden kommunestyre 15.02.17 med likt vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Kommunestyret har vurdert alternativa for funksjonen prosjektleiar / rådmann slik det vert omtalt i saka, og vedtek ei løysing der stillinga vert utlyst som prosjektleiar med høve til å søkje stillinga som rådmann i den nye kommunen.</li> <li>2. Kommunestyret godkjenner framlegg til kvalifikasjonar for prosjektleiar i samsvar med saksframstillinga.</li> <li>3. Kommunestyret utvidar mandatet til Førebuande fellesnemnd (FF) slik at dei også får ansvar for prosessen fram mot tilsetjing, og mynde til å gjennomføra sjølve tilsetjinga. Tilsetjingsutvalet får slik samansetting: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Dei tre ordførarane</li> <li>• Ein tillitsvald frå kvar kommune</li> <li>• Sekretær</li> </ul> </li> </ol> <p>Haugetun gjorde greie for planlagt prosess fram til tilsetjing av prosjektleiar i august 2017.</p> <p>Tillitsvalte Vibecke Hodnekvam kom med innspel om å ta med tilsetjingsutvalet i prosessen, saman med leiargruppa, ved val av tilbydar. Møteleiar Marianne Sandahl Bjorøy viste til at innspelet vil verte tatt med vidare til vurdering, men understreka samstundes at utveljing av tilbydar føl ein standardisert anbods-prosedyre.</p>
<p><b>5/17</b></p>	<p><b>Oppsummering seminar i Trondheim 23. – 24. januar v/Kari-Anne Landro</b></p> <p>Kari-Anne Landro viste til eit variert og vellykka seminar i Trondheim, der det særskilt vart brukt tid på arbeidsrettslege spørsmål. Nemnda fekk innblikk i kva dei bør vere observante på i prosessen vidare, jf. god dialog med dei tillitsvalte, partsrettslege spørsmål, om mandatet til nemnda er godt nok, budsjett for prosessen, prosjektleiar sin styring av</p>

	<p>samanslåinga m.m. Landro la elles vekt på at nemnda har fått utarbeidd ein god kommunikasjonsplan ovanfor omverda, og at dei no må jobbe med intern kommunikasjon i organisasjonen. Oppsummering av gruppearbeidet på seminaret låg ved denne innkallinga som vedlegg og vart teken til orientering.</p>
6/17	<p><b>Invitasjon til å delta i prosjektet: «Fornyelse og utvikling av lokaldemokratiet i kommuner med vedtak om sammenslåing» v/Kari Anne Landro</b>          Kommunal- og moderniseringsdepartementet har sendt ut invitasjon til å vere med i prosjektet «Fornyelse og utvikling av lokaldemokratiet i kommuner med vedtak om sammenslåing» som går over to år. Det var semje i nemnda om å delta. Det er lagt opp til behandling av felles sak om deltaking i prosjektet i alle dei tre kommunane, fyrst i formannskapa og deretter endeleg behandling i kommunestyret i Øygarden 15.mars, kommunestyret i Fjell 23.mars og kommunestyret i Sund 28.mars. Svarfrist for deltaking er fredag 7.april 2017.</p>
7/17	<p><b>Planlegging og gjennomføring av framtidsseminar 15.05.17 v/Marianne Sandahl Bjørøy</b>          Planlagt møte i Førebuande fellesnemnd 15.mai vert erstatta med framtidsseminar heile dagen, frå kl. 9-16. Forslag til program for framtidsseminaret vert presentert på neste møte i Førebuande fellesnemnd 27.mars. Nemnda var samd i at det er vesentleg med brei deltaking på framtidsseminaret med mellom anna representantar frå ungdommens kommunestyre (UKS) og eldrerådet.</p>
8/17	<p><b>Status framdriftsplan fase 2 v/Marianne Sandahl Bjørøy</b>          Møteleiar Marianne Sandahl Bjørøy gjekk kort gjennom framdriftsplanen til Førebuande fellesnemnd, og viste til at framdriftsplanen vert oppdatert etter kvart møte. Planen er delt inn i tre fasar; før og etter etablering av Førebuande fellesnemnd og etter etablering av ei formell fellesnemnd. Framdriftsplanen vart teken til orientering, saman med kommentar frå Tom Georg Indrevik om at andre kartleggingar bør ta med litt om «vegen vidare» – på lik line med presentasjonen av IKT-kartlegginga på møtet i dag.</p>
9/17	<p><b>Politiske rammer (FF) for etablering av den nye kommunen (Intensjonsavtalen kap. 7 – Prinsipp for tenesteyting)</b>          Møteleiar Marianne Sandahl Bjørøy viste til at det er vesentleg med politiske rammer for etablering av den nye kommunen. Intensjonsavtala punkt 7 er eit av dei punkta som har behov for politisk drøfting for å utdjupe meininga i avtalen og sikre at alle er samkøyrt. Etter innleiinga vart det lagt opp til gruppearbeid om intensjonsavtala punkt 7. Resultat frå gruppearbeidet, presentert av høvesvis gruppe fire til ein, vert kort attgjeve her.</p> <p><i>Oppgåve 1 – «Kva meiner vi med det som står i intensjonsavtalen om at publikumsretta tenester skal vera sikra i kommunale servicesentera? Konkretiser kva tenester dette kan gjelda»:</i></p> <p><u>Gruppe fire</u> trakk fram at følgjande publikumsretta tenester bør vere sikra i servicesentra:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• biblioteket bør utgjere «navet» i ny innbyggjarservice, og inkludere byggesak service / 1.linje, kart service, virtuelle møterom, NAV-tenester, frivilligsentral, møterom for møte med aktuelle saksbehandlarar.</li> </ul>

- helsestasjonane
- legekantor med utvida opningstid i samsvar med intensjonsavtalen

Gruppe tre trakk fram følgjande tenester som publikumsretta og at dei bør vere sikra i servicesentra:

- servicetorget bør vere i kombinasjon med biblioteket, på Sund senter / Rong senter / Sartor storsenter, og såleis nærast mogleg publikum
- forenkla saksbehandling innanfor byggesak
- legekantor – viktig
- helsestasjon – inkludert andre ofte brukte tenester som helsesøstrer, barnelegar, jordmødrer, psykologar, fysioterapi m.m.
- helsestasjon for ungdom / ungdomskantor – vurdere behovet for å vere nær brukarane
- publikumsretta tenester hos NAV – som flyktingtenesta og bustadretteiarar, då brukarane oppsøker kontora i dag og treng å vere nær tenestene
- kontor / møteromsfasilitetar for alle type tenester – t.d. PPT / barnevern som kan ha hovudkontor ein stad med bruke møtelokale i dei ulike kommunedelsentra
- dagsenter – t.d. for demente, har behov for lokaliteter nær brukarane
- miljøstasjon / gjenvinnings-stasjonar

Gruppe to trakk fram at følgjande publikumsretta tenester bør vere sikra i servicesentra:

- biblioteket vart sett på som sjølv kjernen i innbyggjartenestene, eit mogleg servicesenterorgan, som vist til i intensjonsavtala. Inkludere fyrstelinje byggesak, kart, bioplast, bistand kultursøknader, rettleiing nett-teneste, frivilligsentral m.m.
- Konkretiser saman med NAV kva tenester som er mogleg å legge til kommunesentra. T.d. rusomsorga kan truleg samlast på ein stad, men samstundes arrangere faste dagar ute i dei lokale sentra (Skogsskiftet, Rong) for auka tilgjenge.
- innbyggjarane bør kunne få hjelp til dei fleste tenestene lokalt.

Gruppe ein trakk fram at følgjande publikumsretta tenester bør vere sikra i servicesentra:

- NAV
- legesenter / helsestasjon
- bibliotek
- barnehagar
- skular, t.d. inkludert PPT
- omsorgsbustader
- i tillegg bør eit servicekontor vere knyta til biblioteket og ivareta bibliotek, frivilligsentral, frisklivssentral, enkel byggesaksrådgjeving og andre enkle tenester.

*Oppgåve 2 – «Kva meiner vi med det som står i intensjonsavtalen om at tenester som innbyggjarane ikkje nyttar dagleg, kan sentraliserast til kommunesenteret eller kommunedelsentera? Konkretiser kva tenester dette gjeld og kvar dei bør vera lokalisert, kommunesenteret på Straume eller kommunedelsentera Rong og Skogsvåg»:*

Gruppe fire trakk fram at plassering og lokalisering av tenester bør sjåast i samanheng med kven som treng å samspele med kven. Det bør også avklarast kva tenester som høyrer under kva sektor / avdeling, med kartlegging av kapasitet og kor tenlege kommunen sine

	<p>eigde lokale er til å drifte tenestane. Gruppe fire såg også på tenester som kunne vere moglege å samlokalisere, som t.d. skule / barnehage / PPT / barnevern; stabsfunksjonar og drift (IT, økonomi, personal, arkiv / post, kultur / frivilligheit); helseleiinga / pleie og omsorg m.m.; samfunnsplanlegging / næring og kultur.</p> <p><u>Gruppe tre</u> gav døme på tenester som truleg ikkje treng å vere lokalisert så nær brukarane, og såleis kan sentraliserast, som kultur, areal og plan, eigedom, vatn-avløp-renovasjon (VAR), toppleing, personal, økonomi, IKT, barnevern, PPT. Den politiske og administrative topp-leiinga, dvs. rådmannen, rådmannen sin stab og kommunalsjefar, må vere sentralisert i kommunesenteret på Straume. Gruppe tre la også vekt på at areal-effektivisering er viktig og at ein må utnytte dei lokala som kommunen har i dag.</p> <p><u>Gruppe to</u> trakk fram at den nye kommunen eig mykje areal og kommunen bør bruke desse lokala framfor å leige; ved leige bør leigeavtalar klargjerast tidleg. Det bør etablerast fellesavdelingar, også på Rong og Skogsskiftet, med faglege vurderingar til grunn for lokalisering – jf. personalavdeling; økonomi; IKT-avdeling; kulturavdeling; vatn-avløp-renovasjon (VAR) treng avklaring; skulekontor med støttefunksjonar; barnevern / familiens hus / helsestasjon / støttefunksjonar; heimetenester ut frå basar som sjukeheim. Sentraladministrasjonen må plasserast på rådhuset på Straume. Teknisk plan- og byggesaksavdeling kan plasserast på Straume, med enklare servicefunksjon i lokale tenestesenter. Andre tenester bør plasserast etter kvar det er mest tenleg, t.d. helselandsbyen som allereie er etablert på Straume kan supplerast med barnevern / PPT / psykologar for eit tverrfagleg og heilskapleg tilbod. Statlege etatar, som t.d. politi, bør vere nær brukarane og kan samlokalisert. Gruppe to viste elles til at arbeidsgruppene etter kvart vil kome med konkrete forslag til lokalisering av tenestene.</p> <p><u>Gruppe ein</u> trakk fram at desse oppgåvene kan sentraliserast – politikk; administrasjon; plan, byggesak, kart og oppmåling; tekniske tenester og eigedom; barnevern; heimesjukepleia; hovudkontor IKT på Straume. Andre tenester kan lokalisert i kommunedelsentra, jf. kultur / idrett; drift / vedlikehald hos eigedom; arkiv; servicekontor med næringsavdeling, skjenkekontroll og eigedomsskattekontor / økonomiavdeling.</p>
<p><b>10/17</b></p>	<p><b>Ymse</b></p> <p>Møteleiar Marianne Sandahl Bjørøy viste til at oppsett møte i Førebuande fellesnemnd den 24.april, vert på velferdsbygget på Kollsnes. Etter ordinært møte og lunsj vil Kollsnes-anlegget verta presentert for nemnda slik at møtet fyrst er ferdig klokka 13.00.</p> <p>Det var elles ingen spørsmål til ymseposten.</p>